



## SAMARBEIDSAVTALE MELLOM ROGNE IL OG ØYSTRE SLIDRE IL FOR FELLES FOTBALLGRUPPE:



### **STYRET:**

Styret i fotballgruppa er underlagt hovedstyra i RIL og ØSIL. Styret skal bestå av 6 personar , 3 frå kvart idrettslag. Laga rekrutterer desse tre i forbindelse med sitt årlege valg på årsmøtet.

Medlemmane vert valgt for 2 år om gongen, det må vera rulling slik at ikkje alle blir skifta ut samtidig.

Styret organiserer seg sjølv på det fyrste møtet etter årsmøtene. Fotballgruppa skal då gjennomgå gjeldande samarbeidsavtale og vedteke sportsplan.

Vedtak skjer ved alminneleg fleirtal. Ved stemmelikheit har styreleiar dobbeltstemme.

Fotballgruppa er representert på styremøta i hovedlaga. Hovedlaga skal få innkalling til, og referat frå, styremøta.

### **ANLEGG:**

ØSIL og RIL driftar og utviklar sjølv sine egne anlegg, Storefoss stadion og Rogne idrettsanlegg.

Fotballgruppa disponerer anlegga etter behov.

Faste arrangement som knøtteturnering og fotballskule skal fordelast mellom anlegga med eitt arrangement på kvar bane.

Andre arrangement , treningar og kampar skal fordelast tilnærma likt mellom Rogne idrettsanlegg og Storefoss stadion.

### **ØKONOMI:**

Fotballgruppa har eige budsjett og eigen økonomi. Budsjettet skal godkjennast på årsmøtet i hovedlaga. Budsjettet skal dekke alle utgifter som fotballgruppa har inkl drakter , cupavgifter, dommarrekningar, kursutgifter, reknskapskostnadar,trykk på drakter, halleige.

Halleige på BHSS delast likt mellom hovedlaga. RIL og ØSIL skal betale likt årleg tilskot til fotballgruppa. Det skal ikkje benyttast private bankkonti.

### **TRENINGSavgIFT:**

Styret i fotballgruppa kjem med forslag til treningsavgift som skal godkjennast i begge idrettslag.

### **DUGNADAR:**

Dugnadar skal bekjentgjerast både i fotballgruppa, ØSIL og RIL.

Dugnadar på ØS idrettsarrangement AS blir betalt direkte til fotballgruppa uavhengig av kva idrettslag ein tilhøyrer.

### **DRAKTER:**

Farga på draktene skal vera blå/kvit. Reservedraktene skal vera kvit/raud. Treningsdressar skal vera svarte.

### **SPONSORAR:**

Begge lag sine sponsorar skal vera med på drakter/treningsdressar/ genserar osv.

Eigne sponsorar må ikkje konkurrere med hovudlaga sine sponsorar og må godkjennast av styret i både RIL og ØSIL.

### **KIOSK:**

Hovedlaga stiller utstyrt kiosk til disposisjon. Fotballgruppa organiserer sjølv det praktiske og økonomiske med innkjøp og salg. Laga stiller med kioskvakter.

Denne avtala skal reviderast annankvart år. Fyrste gong i 2022.

Øystre Slidre, 1.mars 2020

Irene Øygard

Leiar Rogne IL

John Magnus Sandberg

Leiar Øystre Slidre IL

Lars Inge Myhre

Leiar fotballgruppa